

Strategi- og næringsavdelinga

Arkivsak 200800577-15
Arkivnr. 027
Saksh. Sør-Reme, Geir, Torgersen, Matti

Saksgang

Vestlandsrådet

Møtedato

02.12.2008 - 03.12.2008

EU SIN SAMHØYREPOLITIKK - HØYRINGSFRÅSEGN

SAMANDRAG

EU kommisjonen har lagt fram varsla grønboka (høyringsdokument) om samhøypolitikken i EU. KRD har sendt den til høyring til norske fylker og landsdelssamanslutningar. Noko forenkla kan vi seie at denne grønboka legg grunnlaget for EU sin regionalpolitikk for perioden 2014-2020. Gjennom EØS-avtala vil dette også påverke Noreg på ei rekkje område, m.a. når det gjeld statsstøtteregelverket. Det vil også leggje grunnlaget for framtidige EU-program på regionalt nivå. Noreg deltek i ein rekkje av desse programma i dag (t.d. Interreg). Samhøypolitikken vil difor vere viktig for det framtidige regionale handlingsrommet, også i Noreg, sjølv om denne grønboka ikkje går inn på konkret verkemiddelbruk.

Grønboka fokuserer særleg på heile den fysiske strukturen i EU for å få ei betre utjamning og likearta utvikling mellom dei ulike område innanfor EU. Hovudstikkord er:

- Spreiing – utlikna skilnader i folkesetnad
- Samanknytting – utlikna avstandar
- Samarbeid – utlikna grenser (mellom land, regionar og kommunar)

Det er vidare spesielt nemnt regionar med spesielle geografiske forhold. Dette gjelder m.a. fjellregionar, øyregionar og dei minst folkesette regionane.

Det vert rådd til å gje ei uttale til Kommunal- og regionaldepartementet der vi peiker på dei spesielle utfordringane som gjeld for Vestlandet. Vidare til at det vert arbeidd saman med dei andre kystfylka for å få fram ei uttale direkte til EU-kommisjonen.

FORSLAG TIL VEDTAK

1.	<p>Vestlandsrådet har følgjande merknader til EU sin samhøyrepolitikk til Kommunal- og regionaldepartementet:</p> <ul style="list-style-type: none">• Vestlandsrådet vil peike på at eit sterkt regionalt nivå er ein føresetnad for ein regionalpolitikk basert på utvikling av regionale fortrinn og for samhøyrepolitikken. Vi meiner difor at EU sin samhøyrepolitikk må ha dette som eit sentralt utgangspunkt.• Vestlandsrådet støtter synspunkta i grønboka om at ein unngår for sterk konsentrasjon av veksten, og at det vert arbeidd for ein jamn og berekraftig utvikling i heile området. Vi er samd i at mindre bygdebyar har ei viktig rolle for å stimulere til økonomisk utvikling i utkantområde.• Vestlandsrådet er samd i at det må takast spesielt omsyn til område med spesielle geografiske tilhøve, som fjellregionar, øyregionar og spreitt befolka område. Vestlandsrådet vil spesielt framheve at norske fjordbygder har mange av dei same utfordringane som fjellområde med vanskeleg kommunikasjonar og små arbeidsmarknader. Det må også takast omsyn til at vi har spesielle utfordringar knytt til mindre øysamfunn utan vegsamband med fastlandet.• Vestlandsrådet vil peike på positive erfaringar med norsk deltaking i program som understøtter samarbeid med regionar i Europa, og ønskjer at Noreg fortsett vil ta del i programma
2.	<p>Leiar av Vestlandsrådet får i fullmakt å kunne slutte seg til ei felles uttale frå alle norske kystfylke til EU-kommisjonen.</p>

Paul M. Nilsen

Jan Per Styve

Vedlegg: Høring om EU's grønnebok for territoriell samhörighet. Brev frå KRD datert 13. november
Notat frå Vest-Norges Brusselkontor: EU's grønnebok på territoriell samhörighet

1. Innleiing

EU kommisjonen la 6 oktober fram varsla grønboka (høyringsdokument) om samhøyrepolitikken i EU. Noko forenkla kan vi seie at denne grønboka legg grunnlaget for EU sin regionalpolitikk for perioden 2014-2020. Gjennom EØS-avtala vil dette også påverke Noreg på ei rekkje område, som det er gjort greie for nedanfor.

Vedlagt følgjer høyringsbrev frå KR D, samt notat frå Vest-Norges Brusselkontor om innhaldet i grønboka og om oppfølging frå norsk side.

2. Om innhaldet i grønboka

Grønboka fokuserer særleg på det såkalla tredje 'beinet' i EUs samhøyrepolitikk. Tidlegare har fokus i denne politikken vore på økonomisk og sosial utjamning i Europa, men no vil ein sjå enno grundigare på heile den fysiske strukturen i EU for å få ei betre utjamning og likearta utvikling mellom dei ulike område innanfor EU. Arbeidet starta for fleire år sidan, m.a. i 1999 gjennom ESDP – European Spatial Development Perspective. ESDP fekk stor innverknad spesielt på Interreg IIC programmet, og Norvisjon dokumentet for Nordsjøen var ein direkte oppfølging av ESDP i Nordsjøområdet. Også for Interreg IIIB var ESDP viktig.

I 2006 vedtok EU strategiske retningslinjer for samhøyrepolitikken. Her blei det slått fast at territoriell samhøyre er ein viktig del av EUs Lisboa- og Gøteborgstrategiar som dreiar seg om å få til ein bærekraftig vekst i europeisk økonomi. Alle delar av Europa må få vilkår til å bidra til vekst og jobbskaping. Også dei strategiske retningslinjene for bygdeutvikling understrekar at bygdene må få hjelp til naudsynt omstilling til utfordringane i det 21.hundreåret. Strategien nemner seks innsatsområde:

1. Auka konkurransevne for landbruk og skogbruk
2. Forbetra miljøet og kvalitetane i kulturlandskapet
3. Forbetra livskvaliteten på bygdene og fremja større variasjon i næringslivet
4. Bygga opp lokale initiativ for sysselsetting og nye næringar
5. Utvikla program for å nå måla i innsatsområda
6. Få til samvirke mellom ulike program innan EU

Territoriell samhøyre handlar om å sikra ei harmonisk utvikling av heile EUs territorium og å sikra at innbyggjarane får ramevilkår til å gjera det beste ut av dei kvalitetane og ressursane kvar del av EU har. Det handlar altså om å sjå på dei store skilnadene i geografi, kultur og historie som store ressursar for framtidig bærekraftig vekst i heile EU.

EU ser at konkurransekraft og velstand i Europa er avhengig av vår evne til å gjera det beste ut av dei ressursar kvar del av Europa har. I tillegg vil Europa si framtidige utvikling også vera avhengig av at dei ulike områda kan samarbeide og byggje nettverk med andre regionar. Den territorielle samhøyrepolitikken vil byggja bruer mellom økonomisk effektivitet, sosial samhøyre og økologisk balanse slik at vi oppnår ei bærekraftig utvikling med globalt gjennomslag.

Grønboka er eit diskusjonsdokument som m.a. vil drøfta sjølve omgrepet territoriell samhøyre og korleis dette skal gjennomførast i praksis. Derimot tek Kommisjonen i denne omgang ikkje opp eventuelle økonomiske konsekvensar av territoriell samhøyre, det blir eit av fleire tema for drøftingane om EUs budsjett 2014-20. For alle regionane i Europa er det viktig at det finst midlar til utvikling av territoriell samhøyre også etter 2013. Norske regionar og kommunar har hatt stor nytte av EUs regionale utviklingsprogram, og deltok i over 400 prosjekt finansierte av dette programmet i åra 2002-2006.

Grønboka slår innleiingsvis fast at Europa er ulik andre kontinent. Det finst fleire byar, men veldig få veldig store byar i Europa samanlikna med andre kontinent. Berre 7% av befolkninga i Europa bur i byar med meir enn 5 millionar innbyggjarar, mot 25% i U.S.A.

Europa er altså meir jamt folkesett enn andre kontinent, noko som pregar livskvaliteten til folk i Europa, byfolk lever tett på bygdefolk og omvendt. Produktive areal har også i mindre grad blitt bygd ned for byekspansjon. Sjølv sagt er det likevel enorme skilnader mellom ulike område innanfor Europa, sjølv om den økonomiske veksten er blitt jamnare fordelt etter at t.d. Irland og Spania kom med i EU.

Grønboka hevdar at den meir balanserte og bærekraftige utviklinga som ligg innebygd i territoriell samhöring vil kunne føre til ein meir jamn og bærekraftig bruk av ressursar, og kunna hausta økonomisk vinst frå redusert sentralisering og mindre press på kostnader, noko som igjen både er til gagn for miljøet og for livskvaliteten til folk i Europa.

Grønboka lanserer tre hovudstikkord:

- Spreiing
- Samanknyting
- Samarbeid

3. Spreiing – utlikna skilnader i folkesetnad

Det er eit faktum at den økonomiske aktiviteten i Europa er meir konsentrert enn folkesetnaden. Det er mange økonomiske føremonar med ei slik konsentrasjon, noko som blir spegla i høg BNP i dei store byområda. Likevel er det også ulemper med konsentrasjon, som t.d. forfall i sentrale byområde, sosial segregering osv, og i slike område er BNP per innbyggjar veldig lågt.

I storbyane må fokus difor vera å redusera dei negative konsekvensane av konsentrasjon.

Grønboka ser at 'mellomområda', områda mellom store byar og landsbygda kan vera viktige her, i eit samspel kan dei hjelpe kvarandre til ein meir balansert vekst. Slike mindre byar spelar også ein viktig rolle ved å yte viktige tenester til landsbygda. I Europa har bygdebyar eit mykje høgare servicetilbod enn tilsvarende byar i andre kontinent, noko som gjer det lettare å stimulera til auka økonomisk vekst også her.

Områda utanfor dei store byane i Europa er heilt naudsynte for vidare vekst. Her finst dei fleste naturressursane og naturområda, forutan at luftkvaliteten er god og områda generelt er både attraktive og trygge område å bu i.

Hovudutfordringa for EU er å sikra ei balansert og bærekraftig territoriell utvikling for EU som heilskap for å styrka unionen sin konkurransekraft og mulegheit for vekst samtidig som den skal ta vare på sine naturlege ressursar og sikra god sosial balanse. Det vil etter Grønboka si meining bety at ein unngår for sterk konsentrasjon av veksten og legg til rette for meir spreidd klyngedanning over heile EU området.

4. Samanknyting – utlikna avstandar

Samanknyting vil i framtida innebera meir enn gode intermodale transportsamband. Det vil også innebera god tilgang til helsetenester, undervisning, fornybar energi og energiforsyning, breiband, og sterke band til og mellom nærings- og forskingsmiljø.

5. Samarbeid – utlikna grenser (mellom land, regionar og kommunar)

Dei utfordringane som utlikning av spreiding og samanknytning reiser kan berre løysast gjennom samarbeid, på alle nivå. Også miljøutfordringane (klimaendringane, tap av biologisk mangfald, forureining, pendling) kjenner ingen grenser og må møtast med samarbeid.

Grønboka peiker på at innovasjonsprosessar ofte skjer i samarbeid med fleire partar, og lokale utviklingsplanar må difor også ta omsyn til det sin skjer i andre område.

I tillegg til desse tre, identifiserer Grønboka også ein fjerde hovudutfordring for territoriell samhoøre: regionar med spesielle geografiske forhold. Dette gjelder m.a. fjellregionar, øyregionar og dei minst folkesette regionane, men kan også gjelda kystregionane eller dei europeiske regionane som ligg utanfor Europa (dei franske oversjøiske fylka, og portugisiske og spanske øyregionar i Atlanterhavet).

Rundt 10% av EUs befolkning bur i fjellregionar. Sjølv om fjellregionane har mange naturlege føremoner og ofte er populære turistmål, står dei overfor mange utfordringar som effektane av klimaendringane, relativt einsidig næringsliv, negative effektar av turisme, og tap av biologisk mangfald.

6. Territoriell samhoøre må speglast i alle viktige politikkområde

Etter at Grønboka har lista opp desse fire hovudutfordringane, går ho over til å til å sjå på korleis territoriell samhoøre skal innarbeidast i dei ulike sektorpolitikane i EU.

Transportpolitikken har t.d. effekt på kor bedrifter blir lokalisert og kor folk busett seg, og er spesielt viktig for å betra samband til og innanfor mindre utvikla område. Energipolitikken mål om ein heilt integreert energimarknad har også stor innverknad på utvikling av territoriell samhoøre.

Det same gjeld utvikling av breibandsamband, og sjølv sagt er landbrukspolitikken veldig avgjerande. Også innan område som sysselsettingspolitikk, maritim politikk, miljøpolitikk, forskingspolitikk og konkurransepolitikk er det viktig at omsynet til territoriell samhoøre blir innarbeida.

7. Debatt

Grønboka legg opp til ein brei offentleg debatt om temaet territoriell samhoøre. Kommisjonen har sjølv satt opp ei liste på spørsmål dei ynskjer svar på. Forutan definisjonen av territoriell samhoøre, vil Kommisjonen at ein drøfter kor omfattande territoriell samhoøre skal vera og korleis dei fire hovudutfordringane skal møtes, t.d. kva slags tiltak og initiativ EU kan ta. Eit av spørsmåla gjeld om det finst område med spesielle geografiske vilkår og som har behov for særlege tiltak også i framtida. Her har norske fylke allereie signalisert behov for særlege tiltak i fjellregionane og i dei arktiske områda.

8. Vestlandet og territoriell samhoøre

Debatten om territoriell samhoøre og dei ulike virkemidla som etterkvart blir sett inn for å nå målsettingar i denne politikken er viktige også for norske regionar, sidan EU sine regelverk i stor grad vil påverka korleis norske styremakter skal handtera bygdeutviklingssaker og regelverket for bedriftsretta verkemiddel. Samhoørepolitikken vil også bestemme kva for verkemiddel EU vil bruke. Her er statsstøtteregelverket særleg sentralt.

Særskild viktig for Vestlandfylka er kapitlet om regionar med spesielle geografiske tilhøve. Kapitla nemner sjølv fjellregionar og øysamfunn. Det er grunn til å peike på at norske fjordbygder har mange av dei same utfordringane som fjellregionane knytt til små arbeidsmarknader og lang reiseveg til større

sentra. Vidare har Vestlandet fleire mindre øysamfunn som ikkje har vegsamband med fastlandet. Det må sikrast ei berekraftig utvikling også for desse samfunna.

Eg vil også rå til at vi går inn for at Noreg fortsett bør delta i ulike typar av EU-program som Interreg osv. Desse verkemidla har vore fruktbare for erfaringsutveksling og for utvikling av tenester og arbeidet med regional utvikling.

For Vestlandsfylka er debatten om korleis Europa også i framtida skal vera prega av godt spreidd folkesetnad og med god økonomisk, sosial og kulturell infrastruktur også i bygdebyane og i distrikta rundt.

Eg meiner det er viktig å peike på behovet for eit sterkt regionalt nivå for å kunne gjennomføre ein utviklingspolitikk basert på dei einskilte regionane sine føremoner. Nasjonal politikk skal leggje eit rammeverk, men det er behov for eit sterkt regionalt nivå som kan tilpasse politikken til dei ulike regionane sine særskilde utfordringar og føremonar. Det regionale nivået bør også vere ansvarleg for partnerskapen for utvikling av regionane.

Eg vil rå til i denne omgang å gje ei uttale til Kommunal- og regionaldepartementet der vi peiker på dei spesielle utfordringane som gjeld for Vestlandet. Det er i tillegg under vurdering å gje ei fellesuttale direkte til EU-kommisjonen knytt til dei spesielle utfordringane til Vestlandsfylka. Eg vil rå til at leiar av Vestlandsrådet får i fullmakt å slutte seg til ein slik uttale.

Grønboka vil bli eit tema framover for europeiske organisasjonar som CPMR, AER og Euromontana. Det kan også vere aktuelt å gje innspel direkte til CPMR.